

Lävikkö (läveri, alspipa (orepipe) og pipa frå Koivisto)

Struktur og historie

Lävikkö er eit tradisjonelt klarinettinstrument som spreidde seg til Aust-Finland og Karelen frå Russland i mellomalderen, men forsvann tidleg på 1900-talet.



Figur 1: Munnstykke av takröyr

Instrumentet har eit fast, utskore røyrblad i eit 5–10 cm langt munnstykke av siv (takröyr) eller tre. Tradisjonelt laga ein röyr ved å vri bort dei ytste årringane frå ei ung stamme av or eller furu, som ofte vart kapp i brysthøgde. Gjeterungar klarte vanlegvis å få ut röyr på opptil 10 cm, mens dyktige vaksne kunne få ut opptil ein halvmeters lengd. Greiner av hyll vart brukt til å lage röyr ved å bore ut det mjuke kjernematerialet med handbor.

I fingerstykket vart det laga, avhengig av røyr lengda, 3–7 hol med kniv eller ein oppvarma jarnbit. I Karelen var det ofte eit lite tommelhol i røyret for å lage lyd som skremde bort rovdyr. Resonansdelen var laga av ei trakt av bjørkenever, orebark eller horn.

Instrumentet vart bygd og spelt hovudsakleg av gjeterungar som tidsfordriv – mest i eige selskap og for eiga glede i skogen. Musikken var ofte improvisert sidan hola vart plassert fritt. Dei mest musikalske stemte instrument og spelte òg dansemelodiar. Klangfarga vert påverka av breidda på røyrbladet, lengd og vinkel, samt materialet i trakta. Den urgamle klangen innbyr til å lytte, spele og kjenne slektskap med naturen og tradisjonen.



Figur 2: Lävikkö med horntrakt.

Delar og oppbygging

Munnstykke: Skjer eit par røyr), ca 10 cm lange og med diameter ($\varnothing = 8$ mm). Snitt munnstykket med eit Π -forma snitt

eit par fingerbreidder frå enden. Puss innsida godt med ein bjørkekvist medan du held røyrbladet inne. Prøv å blåse medan du tettar røyrenden med tunga og passar på å gape over heile snittet. Om du ikkje får lyd kan du varsamt trekke røyrbladet oppover, det skal stå ein aning opp frå røyret. Når du har fått lyd skal du feste ein liten propp av bivoks i munnenden (eller lime fast ein trebit).

Fingerstykke: Bor eit hol gjennom ein 20 cm lang og rett trepinne ($\varnothing = 8$ mm). Eventuelt kan du splitte trestykket, karve ut kjernen og deretter lime bitane saman att. Lag deretter fire fingerhol etter mal eller på fri hand med bor eller kniv. Spikk små fordjupingar ved hola.

Spjelkepinne: Tynn ut sidene av ein halvkløyvd trepinne som brukast til å låse fast bjørkenevertrakta.

Resonanstrakt: Puss den bløytlagde neverremsa, tynn ut startenden, klipp jamnt der det trengst; surr bjørkeneveren tett rundt røyrenden og lås med pinnen.



Figur 3-4: Lävikkö med nevertrakt



Lävikkö og futteral – sentrale arbeidsmoment

Munstykke: To måter å kappe røyrbladet; velg rett røyr med målereiskap; skråskjer til to pipemner; spikk røyrblad; rens innsida; fest i propp

Fingerholsdel: Bor 6 mm hol (start med 3 mm for stemming); spikk og slip fingerfordjupingar

Resonanstrakt: spikk spjelkepinne; reingjer blautlagd never; tynn ut startendan; snurr neveren tett; lås

Futteral: 5 cm lengre en pipa; lim propp og kutt; strekk neste runde kokt never 2 mm over; forleng om det trengst; smalne av; bind; klipp rett ved eventuell forlenging



Instrumentet er skildra i minst to skriftlege kjelder på finsk: Finlands folklige kultur (1921), samt Timo Leisiös avhandling om dei opprinnelege horn- og pipinstrumenta i Finland og Karelen (1983).

Det vart bygd lävikkö på verkstaden «Læven og lokk – Nordisk instrumentbyggarseminar» i Oslo, 23–24 oktober 2025. Seminariet vart organisert av Karstein Grønnesby og Sylvelin Hege Sevilhaug i samarbeid med Norsk lur- og bukkehornlag.

Lenke til video frå instrumentmakarseminaret:

<https://www.youtube.com/shorts/c-WmTTitUIM>

Foto: Minna Hokka

Norsk omsetting: Sylvelin Hege Sevilhaug

Koski TL 19 februar 2026

Minna Hokka

minnahokka.com

Seminaret vart gjennomført med stønad frå:



NORSK SENTER FOR
FOLKEMUSIK
OG FOLKEDA